

INVITASJON TIL STORMØTE OM OPPVEKSTMILJØET I ØYSTRE SLIDRE

"IT TAKES A VILLAGE"

FESTSALEN PÅ TINGVANG
ONSDAG 30.10.24 KL. 19.00–21.00

Kva type oppvekstmiljø vil vi ha i Øystre Slidre kommune, og korleis vil vi at ungene våre skal hugse oppveksten sin?

Øystre Slidre kommune og FAU ved skulane inviterer til stormøte for foreldre i grunnskulen, der også andre som jobbar med barn og ungdom, og andre innbyggjarar som ynskjer å vere med er velkomne.

Møtet har bakgrunn i resultat frå elevundersøkinga og Ungdata i 2024, der kommunen og FAU erkjenner at me har utfordringar med oppvekstmiljøet i kommunen, at desse utfordringane er samansette, og at me treng å stå saman om å hjelpe kvarandre med å ta tak i dei.

TEMAET FOR KVELDEN er

korleis vi alle kan bidra til å skape gode miljø for ungene våre i kommunen?

Det blir eit møte som inneheld noko informasjon, men som i stor grad legg opp til aktiv refleksjon og dialog kring temaet og utfordringane som blir løfta fram.

Kveldens hovudinnlegg er ved Lars Idar Vandli og Marianne Vigdal-Olsen frå Mobbeombudet i Innlandet. Dei vil prate om kva me vaksne kan bidra til for å skape trygge og aktive miljø, og kva skulen si rolle er. Svein Tvenge i Politiet og Christina Dygd Kvisgaard frå skulehelsetenesta kjem også, som vil snakke om utfordringar i oppvekstmiljøet ut frå sine perspektiv.

Møtet blir leia av ordførar, Bjarne Budal, og rektor ved Rogne skule, Are Alund.

Vi trur at møtet vil bidra til å samle bygda for å ta tak i- og finne ein retning for å løyse våre felles utfordringar knytt til oppvekstmiljøet vårt, og håpar difor på stort engasjement rundt denne kvelden.

Ingen av oss kan klare dette åleine – It takes a village!

